

## BLAD

Returadresse:  
Kyrkjebakken  
Austrheimsvegen 1262  
5943 Austrheim

 KIRKENS SOS

kirkens-sos.no

# VI TRENG FRIVILLIGE.

Har du tid til å bry deg og  
lyst til å utvikle deg?



Å snakke med folk om livet gir mening.

*Nr. 01-2019 Januar nummeret 48. årgang Nytt stoff innan 12. februar 2019*



**KYRKJEBAKKEN**  
*Informasjonsblad for Austrheim sokn*



## KYRKJESKYSS

Treng du skyss for å kome deg til gudsteneste?

Då kan du ringe kyrkjekontoret  
tlf. 56 16 72 90 (før fredag kl. 14)  
Eldbjørg Vikane tlf. 95 94 77 35  
eller Svanhild Neteland tlf. 41 62 73 90

## Austrheim Kyrkjelyd

Kyrkjelydskontoret, 5943 Austrheim  
Tlf. 56 16 72 90

E-post: post.austrheim@kyrkja.no  
www.austrheimkyrkja.no

### Kontortider:

Sokneprest: Trefftid etter avtale  
Kyrkjevevjerje:

### Bustadtelefonar:

Sokneprest Harald Sundsbø 95 97 68 64  
Kyrkjevevjerje Leif Arne Økland 40 06 52 31  
Organist og kyrkjelydspedagog  
Jostein Hauge 40 46 62 11  
Kyrkjetenar Gry Haukeland 41 30 85 58  
Soknerådsleiar Helge Dyrkolbotn 41 66 26 10

## KYRKJEBAKKEN

### Redaksjonen

Utgevar: Austrheim sokneråd  
Redaktør: Svein T Villanger,  
Redaksjon: Jorunn Kårdal.  
Bankgiro: 3490.07.04196  
E-post: kyrkjebacken@online.no

Adresse: 5943 Austrheim

Trykk og Design Trykk-Service as

# Gudstenester

I AUSTRHEIM SOKN

### SØNDAG 27.JANUAR

Gudsteneste kl.11.00 ved Harald Sundsbø

### 09.FEB - 10.FEB

Lys vaken.

Overnatting i kyrkja for 6 klassingar

### SØNDAG 10.FEB

Lys vaken gudsteneste ved Harald Sundsbø og  
6.klassingane.

### FREDAG 22.FEB

Gudsteneste for alle kl.18.00  
ved Leif Arne og Jostein

### SØNDAG 24.FEB

Gudsteneste kl.11.00 ved prost Helge Taranrød

### ONSDAG 6. MARS KL 18.00:

Kyrkjelyden sin årsfest –  
med besøk av Svein Kvamsdal.

### 09. MARS - 10.MARS

2.klassingar er invitert til å bli tårnagentar

### SØNDAG 10.MARS

Gudsteneste kl.11.0 med tårnagentar  
og Idar Simonsen

## LYS VAKEN

Overnatting i Austrheimkyrkja  
for 6.klassingar

Laurdag 09.feb - Søndag 10.feb



For info og påmelding: [www.austrheimkyrkja.no](http://www.austrheimkyrkja.no)

KYNDELSMESSE 2 FEBRUAR

# Herre, no lèt du tenaren din fara herifrå i fred» Luk 2.29

Sitatet i overskrifta er henta frå det me kallar Simeons lovsang i Lukasevangeliet kapittel 2. Det står rett etter juleevangeliet: Simeon møter Jesusbarnet ved framstillinga i tempelet 40 dagar etter fødselen, slik jødisk skikk var. Og han innleia sin lovsong til Gud med desse orda. **«Herre, no lèt du tenaren din fara herifrå i fred».** Gamal som han var, venta han på å døy. Men han hadde fått lovnad om at han først skulle få sjå han som Gud har salva.

Frå gamalt har denne hendinga vore grunnlaget for ein stor festdag 2. februar som vert kalla «Kyndelsmesse». Dagen er avmerka i Primstaven og fram til 1770 var det heilagdag også i Noreg. No er nok ikkje dagen så kjent blant folk flest i dag. Men det kan vera fint å lyfta den fram og minna om den. I gamal tid vart dagen ein del stader rekna som avslutninga på juletida også. Namnet kjem av lys som vart bore ut av kyrkjene denne dagen.

Evangelieteksten er frå Luk.2.22-40 Evangeliet nevner to personar som møtte Jesusbarnet i Tempelet: Simeon og profetkvinna Anna. Begge to lovpriste Gud for barnet: Simeon med å seia **«For mine auge har sett di frelse, som du har gjort i stand like for andletet på alle folk».** Og Anna ved at **« ho fortalde om barnet til alle som venta på fridom for Jerusalem».**

For Simeon og Anna var det tydelegvis ei sterk oppleving. Dei såg noko meir og djupare enn alle andre: Barnet, som Guds frelse.

Tida etter jul kallar me openberingstida i kyrkjeåret. Openbering handlar om at sløvert trekt til side og det som ligg bak sløret, får stiga fram.



Beretninga om Simeon og Anna sitt møte med Jesusbarnet er ei slik avdekking for oss. Barnet i stallen og krubba som me har hatt som fokus i juletida, er **« eit lys til openbering».** Ikkje rart at det då vart det også slik at **» Far hans og mor hans undra seg over det som vart sagt om han».**

På same måte skal også me kunna undra oss. Guds vegar er ikkje slik menneske har tenkt ut. Men desto større er underet som hendte då frelse og fred frå himmelen kom til oss. Me kan gjerne stemma i takka og lovsongen til Gud som desse 2 gamle kom med i møtet med Jesusbarnet. For dei begge kunne vel med tyngde ha understreka det mange av oss sikkert har sunge i 4 vers av julesongen «Nå vandrer fra hver en verdens krok»?

**Og finner du ham i krybbens hø som hyrder så, som hyrder så da eier du nok til freidig å dø og leve på, og leve på.**  
(Jonas Dahl i Norsk Salmebok nr. 59)

Harald Sundsbø



# Kyrkjebøkene i Austrheim

LIVSHJULET



## Gravlagde

- 22.november : Arnt Martin Lundal f. 1940
- 27.november: Else Karin Borge f.1928
- 30.november: Reidun Lillian Toftegård f.1941
- 14.desember: Ottar Vikane f. 1940
- 21.desember: Gunvor Uteng f. 1935
- 28.desember: Geir Johnny Hedstrøm f. 1956
- 10.januar: Vetle Løyte Johansen f. 2019
- 11.januar: Leif Karstein Førland f. 1941

## Døypte

Søndag 13.januar:  
Emilian Mjøs Wisnes  
Chris Matheo Steindal Wright

## Utgjevingsplan Kyrkjebakken 2019

	LEVERINGSFRIST	KB KJEM UT
Nr 2:	12. februar	28. februar
Nr 3:	12. mars	28. mars
Nr 4:	16. april	02. mai
Nr 5:	21. mai	06. juni

### Stor takk

Soknerådet rettar ein stor takk til Husmorlaget for gáva på kr 2.500 for innkjøp av bøker til 4 åringane.»

### Hjarteleg takk

«Hjertelig takk for deltakelse og blomsterhilsner ved vår kjære bror og min far Svein Bakkes begravelse. Takk til Nordliheimen.

Anne Britt med familie  
Øvrige familie

### Takk

for fin rose og helsing på dagen min 17.11.

Helsing Kåre Øksnes»

### Ei varm takk

Ein varm takk for all medkjensle og oppmerksomheit i forbindelse med vår bror, Ottar Øksnes sin bortgang. Særleg takk til personale på Nordliheimen for omsorgsfull pleie.

Norunn, Torbjørg og Håkon med familier

### Hjarteleg takk

til diakoninemda for rosa eg fekk til dagen min. Takk også til Britt som kom med rosa.

Helsing Nora Hauge

### Stor takk

til alle dykk som i førjulstida, jula 2018, og elles i året gledde oss med vitjingar, underhaldning, blomrehelsingar og gáver. Vi set stor pris på slik omsorg og omtanke.

Spesiell takk til :

- Per Børge Hillestad og Jostein Hauge som kjem anna kvar tysdag og held andakt/syng for oss.
- Sanitetsforeninga og Diakoninemda som arrangerer ulike tilstelningar for bebuarane.
- «Landbruksdagen» som tek godt imot oss kvart år.
- Jan Foss og Asbjørg Steine for musikk og song.
- Rolf Eriksen med fleire som kjem jevnleg og har andakt og sang.
- Alle frivillige som stiller opp gjennom heile året.

Helsing bebuarar og tilsette ved Nordliheimen

### Hjarteleg takk

for minnegáva som vart gitt til Nordliheimen i samband med gravferda til Arnt Lundal, Gunvor Uteng og Leif Førland

Hjarteleg helsing personalet og bebuarane v/Nordliheimen.

# Ottar Vikane til minne

Den 5. desember 2018 kom meldinga om at Ottar Vikane var død. Ottar var fødd 26. juli 1940 og blei 78 år. Ei full Austrheim kyrkje tok farvel med Ottar'n, som han oftast blei kalla, den 14. desember.

I samband med Ottar Vikane sitt dødsfall minnest vi i takksemi hans innsats for lokalsamfunn og kyrkjelyd. Særleg var det ungdomsarbeidet som fekk nytta godt av hans krefter og visjonar. Det var han som tok initiativ til oppstart av organisert ungdomsarbeid i kommunen og i kyrkjelyden. Tidleg på 70 talet starta han saman med gode medarbeidarar Austrheim ungdomsklubb. Etter ei kort tid i Åras bedehus vart den flytta til gymsalen i Kansardalen skule. Her kunne opp til 90 ungdomar vera samla på torsdagskveldane. Det var ikkje alltid like lett å halda kustus på viltre ungdommar, men dette vart likevel starten på ei særskild vital tid for det kristne ungdomsarbeidet i Austrheim. Heilt frå starten var det eit nært samarbeid mellom kyrkjelyden og Det Norske Misjonsselskap (NMS), og særleg leirstaden Kvamshaug/Kamsseter.

Ottar var stolt over å vera ein praktiskar. På gravemaskina si hadde han full kontroll på spakane, og folkevognbussen til Ottar'n var eit omgrep. Den fylte han opp, av og til i meste laget, og kjørde ungdommar heim over heile kommunen etter ungdomskveldane. På somrane tok han oss ungdommar med på turar, helst til fjells. Både Hardangervidda og Rondane

vart besøkt. Etter nokre år kjøpte Ottar meieriet på Austrheim kaien, og etter mange dugnadstimar blei klubben flytta dit. Vegen til kyrkja var kort, og koret Helgaljod vart stifta i denne tida, med øving i Austrheim kyrkje.

NMS har alltid vore hjartebernet for Ottar. Han var i mange år styrar og vaktmester på leirstaden Kvamshaug og var ein viktig faktor for at NMS kjøpte Kvamsseter som leirstad. Her er det mange som har fått avgjerande møte med misjon og den kristne bodskapen. Det var og gjennom NMS at han fann si Eldbjørg, og dei gifta seg i 1983 og flytta då tilbake til Austrheim. Saman fekk dei ei dotter, Eli Sigrunn, og seinare har dei og fått 3 barnebarn. Ottar fekk glede av å vera med i barnedåpen til sitt yngste barnebarn berre nokre månader før han døydde.

I 1996 fekk Ottar sitt første slag, og etter det har han slitt med helse, men har likevel vore trufast i kyrkjebenken og på ulike NMS arrangement. I samband med gravferda kom det inn ei takkegåve til NMS på kr. 18.750,-. Dei siste månadane har Ottar vore på Nordliheimen.

Austrheim har mykje å takka Ottar for, ikkje minst vil eg stilla meg i køen av ungdommar som vil takka for at det blei lagt til rette for å vera ungdom knytt saman med eit kristenliv der det verdsvide misjonsperspektivet alltid hadde ein naturleg og sentral plass. Vi vil lysa fred over Ottar sitt gode minne.

*Rune Minde*

## ÅRÅS BEDEHUS

- Søndag 03. feb 11:00. Formiddagsmøte. Christian Skoge talar.  
Søndag 17. feb 11:00. Formiddagsmøte. Reidun Skurtveit talar.  
Tirsdag 19. feb. 19:00. Bibeltime ved Olav Rørtveit. Romarbrevet  
Søndag 03. mars 11:00. Formiddagsmøte.  
Tirsdag 05. mars. 19:00. Bibeltime ved Olav Rørtveit. Romarbrevet  
Onsdag 13. mars 19:00. Årsmøte  
Søndag 17. mars 11:00. Formiddagsmøte ved Vegard Hetlebakke. Nattverd.  
Tirsdag 19. mars. 19:00. Bibeltime ved Olav Rørtveit. Romarbrevet  
Søndag 31. mars 11:00. Formiddagsmøte.

Velkommen til samlingane! [www.austrheimindremisjon.no](http://www.austrheimindremisjon.no)



AUSTRHEIM

**Velkommen til fotbehandling!**  
**Jeg holder til i lokalene til Årås Sanitetsforening, i Furulyvegen 31.**

Jeg selger også sko og fotpleieprodukter.



Autorisert fotterapeut  
Janet H. Rebnord Talberg  
Tlf. 98613252  
[austrheim@basisfot.no](mailto:austrheim@basisfot.no)

### ÅPNINGSTIDER

FOTBEHANDLING:

Mandag kl 11 - 17

Tirsdag kl 9 – 15

Onsdag kl 9 – 15

Torsdag kl 11 – 17

Fredag kl 9 – 15

BUTIKK:

Torsdag kl 17 – 19

# Nye festeavgifter

**Kommunestyret vedtok i sitt desembermøte å oppjustera festavgiftssatsane på bakgrunn av vedtak i soknerådet 25.oktober 2018.**

Dei nye satsane er gjeldande frå og med 1. januar 2019. Det er då 4 år sidan satsane sist vart regulerte. Austrheim sokn sine festeavgiftssatsar er lågare enn kva som er tilfelle for det som vert nye Alver kommune og kyrkjelege fellesråd sine satsar – også etter at dei no vert oppjusterte. Soknerådet ønskjer ikkje å vera prisdrivande. På den andre sida kan det ikkje vera for stort sprik mellom kva som er satsane i Austrheim sett i forhold til Alver.

Nytt i forhold til førre regulering er at festeperiodane er skrensa inn frå 10 år til inntil 5 år. Dermed skal ein ikkje betala festeavgift for meir enn maksimalt 5 år om gongen.

Framleis er det slik at ein held fast på at friperioden for eit gravminne skal vera 25 år, som før. Dette er 5 år lengre enn dei andre kommunane i regionen, som vi samanliknar oss med, som har ein friperiode på 20 år før det vert kravd inn festeavgift. Vidare held ein fram prinsippet om at yngre gravminne kostar mindre enn eldre gravminne.

Det som er nytt i det siste reguleringsvedtaket, er at festeavgifter for urnegraver til ei kvar tid skal vera 50% av festeavgifta for kistegraver. Dette grepet vert gjort for å bidra til at fleire ønskjer å velja kremering, sidan urner er mindre plasskrevjande enn kister. Tidlegare har festeavgiftene for urnegraver og kistegraver vore

identiske. Alle barnegravene skal som før ha festeavgifter som er 50% av avgiftene for kistegraver. Vidare vert hovudregelen om sletting av 75 år gamle gravminne ført vidare som tidlegare.

Endringane i festeperiodane og rimelegare festeavgift for urnegraver, har ført til at dei lokale gravplassvedtektene no også er endra. Dette vart vedtekne i soknerådet 25.oktober og godkjent av Bjørgvin Bispedømeråd 20.12.2018. Gravplassvedtektene finn du på Austrheimkyrkja sine heimesider.

**Dette er dei nye satsane som gjeld frå og med 1.januar 2019:**

- Friperioden; 25 år
- 1. – 4. festeperiode kr 300 pr år (26 – 45 år)
- 5. – 8. festeperiode kr 500 pr år (46 – 65 år)
- 9. – 10. festeperiode kr 600 pr år (66 – 75 år)
- Gravstader over 75 år kr 850 på år (kan innvilgast på bakgrunn av skriftleg grunngeven søknad).
- Festeavgift for å reservera dobbeltgrav (kistegrav ved sida av avdøde ektefelle) vert auka frå 2000 til 3000 kroner. Denne avgifta er ei eingongsavgift som gjeld for 10 år. Ved behov for ytterlegare forlenging av slik reservasjon, så skjer dette i 5 års bolkar, med ein årleg kostnad tilsvarande festeavgifts satsane for 1. – 4. festeperiode.
- Festeavgift for barnegraver er 50% av avgifta for kistegraver.
- Festeavgift for urnegraver er 50% av avgifta for kistegraver.



## LERVÅG BEDEHUS

Menigheten Betania Lervåg

**Søndag 3. februar kl 11:00 Møte:** Knut Einar Vabø

*Info om Åpne Dører sitt arbeid blant forfulgte kristne!*

**Onsdag 13.februar kl 19:00 Israelsmøte:** Arvid Bentzen

*Tema: Hva er spesielt med Israel?*

**Søndag 17. februar kl 11:00 Møte:** Torsten Mentzoni *Søndagsskole*

**Søndag 3.mars kl 11:00 Møte:** Geir Talberg *Nattverd*

VELKOMMEN på **SØNDAGSSKOLE** på Lervåg BEDEHUS

17.februar 17.mars 14.april 12.mai

Søndagsskolen er samtidig med møtene kl 11:00

Barn i alle aldre er velkommen 😊



# Avslutningsgudsteneste for Per Børge

Midt julestria, i den mest hektiske månaden i kyrkja, tok folket i Austrheim farvel med våre kjære prest, Per Børge. Onsdag 12. desember laga vi ei avslutningsgudsteneste i Per Børge si ånd, med kyrkjekaffi etterpå.

I ei fullsett kyrkje var det under denne gudstenesta innslag både frå Tiriltunge barnekor, Austrheim songlag, samt forsangargruppa, både samla og enkeltvis. Dette vart ei gudsteneste der Per Børge berre hadde ansvaret for preika.

Under kyrkjekaffien etterpå var det mange som kom med helsingar både til Per Børge og Kristin. Gåva frå soknerådet, var eit villsauskinn med velsigninga prenta inn.

Vi vil ønska Per Børge og Kristin lukke til i det nye tilværet – og Guds rike velsigning i ny teneste og i familielivet elles.

Anny Bertelsen overrekte eit futteral som ho sjølv hadde sydd med dåpslys i. Kan henda har dei ikkje dåpslys der dei har flytta. Elsa Skare gav ei barnebok av Astrid Lingren, og takka han for den fine tida her i Austrheim. Etter mat, saft og kaffi var det Rune Skare sin tur. Han har hatt faste oppdrag som krossberar og nattverdsmedhjelpar, og ville på vegne av alle oss andre takka for dei åra Per Børge har vore i prest hjå oss, og ønskte han lykke til i den nye jobben og som far når den tid kjem.

*Innsendar Britt Rebnord*





## MASTREVIK TORG - EIN TRIVLEG STAD FOR STORE OG SMÅ

- Daglegvare/post i butikk • Apotek • Klede/gull/gåver/glas • Kafe • Elektro/kvitevarer/belysning
- Barneklede • Bokhandel/leikar • Jernvarer/fargehandel • Båt- og fiskeutstyr • Bank/minibank
- Blomar • Gardiner/utstyrsvare • Politi • Bensinstasjon/bilverkstad • Senterkontor 476 79 583

Vi er sannsynligvis en av universets største uavhengige bilverkstedkjeder...



Rune Austrheim  
Fosnøy Bilsenter AS  
Telefon: 56 16 75 50

...Så vidt vi vet. All kunnskap og erfaring er samlet i vårt verksted. [www.fosbilsenter.no](http://www.fosbilsenter.no)

For everything your car needs.



## DIN RØRLEGGER I DISTRIKTET !

Kontor tlf. 56 17 07 10 – fax. 56 17 07 11

Vi påtar oss store og små oppdrag!  
Når kvalitet og service teller



## MINI FRISØRSALONG

ønsker velkommen  
til gamle og nye kunder.  
Vi treffes på Årshøgda 10.



Timebestilling:  
Mandag, Tirsdag, Torsdag og Fredag.  
Onsdag er stengt  
Telefon 56 16 92 00/ 95 21 46 16

Alla Kurinna og Rieko

Tannlege  
Otto Førde  
i Mongstadkrysset



Jeg tar imot nye pasienter  
og yter akutt hjelp.

Telefon vakt 56 16 98 35



Panasonic  
Varmepumper

5937 BØVÅGEN  
Mob. 481 31 534  
[byggboe@online.no](mailto:byggboe@online.no)




Vatne  
Begravelsesbyrå

Vi kan hjelpe til  
med rådgivning  
og tilrettelegging  
ved begravelser  
og bisettelser.

Ring døgnvakt:  
56 35 09 10  
[www.vatne-byra.no](http://www.vatne-byra.no)  
Kvassnesvegen 11  
5914 Isdalsbø

## Gravminner

Norsk design og produksjon.  
Se utvalg på: [www.oienstein.no](http://www.oienstein.no)  
Ta kontakt for tilbud. Service.



Gunnar Nilsen, 5943 Austrheim  
Tlf. 56 16 98 84 el. 41 43 98 87

## BIBLIOTEKET - OPNINGSTID

### HOVUDBIBLIOTEKET:

Måndag og onsdag kl. 14.00 -19.00  
Tysdag og fredag kl. 10.00 -15.00  
Tlf.nr. 56 16 20 07

E-post: [bibliotek@austrheim.kommune.no](mailto:bibliotek@austrheim.kommune.no)

### FONNES FILIAL:

Torsdag:  
Skulebibliotek frå 11:30 **GOD BOK**  
Biblioteket er ope til klokka 16:30  
Tlf.nr. 56 16 21 61  
E-post:  
[fonnes.bibliotek@austrheim.kommune.no](mailto:fonnes.bibliotek@austrheim.kommune.no)



## BASSENET PÅ KALAND:

### OPNINGSTIDER:

Måndag kl. 17-18 Familie/born  
kl. 18-19 (foreldre med små  
born vert prioritert  
kl.19-20 Pensjonistar  
k. 20-21 Vaksne

Fredag kl. 17-21 for alle

Bassenge føl skuleruta  
og er stengt i skuleferiar.

Billettprisar: Vaksne kr. 40,-  
Born under 16 år kr 20,-



## ANNONSE I KYRKJEBAKKEN?

1/1 side + bakside	kr.1.000,-
3/4 – 2/3 side	kr. 750,-
1/2 side	kr. 500,-
1/3 side	kr. 350,-
1/4 side	kr. 250,-
Små annonser	kr. 150,-
Korte takkeannonser er gratis.	

## LEGEVAKT/ AMBULANSE

Akutthjelp lege 113 heile døgeret.

### Legevakt 116117

#### Austrheim legekantor

Tlf. 56 16 82 00  
Opningstider for publikum:  
Kl.08.30 - 15.00.  
Telefontid: 08.30 - 12.00 og  
13.00 - 15.00.

### INGEN RESEPTBESTILLING MÅNDAGAR!

#### Årås helsestasjon

Åpningstider for publikum:  
kl 08.30- 15.00  
Helsesøster tlf. 56 16 82 11  
Jordmor:  
tlf. 56 16 82 12 (kun onsdag)  
Psykisk helse: tlf. 56 16 82 13


## NYE TELEFON NR. I PLEIE OG OMSORG :

Nordliheimen : 56 16 20 40

Nordliheimen/kjøkken:  
56 16 20 49

Vestlia: 56 16 20 55

Heimesjukepleien: 56 16 21 23  
(ring Nordliheimen etter kl. 15.30)



Vi leverer mat til alle anledninger,  
der du vil eller vi ordner lokaler

• Bryllup • Dåp • Åremål • Minnestund • Møte

Vi tilbyr også

• Snitter • Tapas • Gryteretter • Koldtbord

Ta kontakt for et uforpliktende tilbud!

# Knüter

CATERING

Knut Owe Larsen | 90 12 16 24 | [www.knutercatering.no](http://www.knutercatering.no)

## GRAVMINNER

 Løvaas  
Naturstein



Tlf. 55 92 25 30 • Espehaugen 54, 5258 Blomsterdalen  
Man- fre kl. 9.00-17.00. Lørdag stengt.  
[www.lovaasnaturstein.no](http://www.lovaasnaturstein.no)



## Oppussing av gravmonumenter

Utfører vasking,  
rensing  
og oppatmaling.

Gunnar Nilsen 414 39 887



## Austrheim IL

### Austrheim IL har årsmøte

måndag 18.februar  
kl. 19.00 i klubbhuset  
med kunstgrasbana.

Vanlege årsmøtesaker.  
Meir info på heimesida til AIL.  
Alle medlemmar er velkommen.

*Styret.*

## KYRKJELYDENS ÅRSFEST

onsdag 6.mars  
kl 18.00  
Kyrkjelydshuset.

Vi får då besøk av  
Svein Kvamsdal.

# Min salme

Etter at jeg begynte i forsanger gruppen, så har jeg blitt introdusert for ganske mye forskjellige salmer. Så når jeg skulle skrive noen ord om hvilken som er min favorittsalme, ble valget noe vanskelig.

Det er mange sanger som er sunget i forskjellige sammenhenger som jeg synes er flotte, og meningsfulle...

En av de jeg har virkelig fått sansen for denne julen som har vert, er Himlens Kongesønn. Skrevet av Jostein Hauge. En utrolig flott sang.. Jeg hadde veldig lyst å ta den også.

Men likevel, så må jeg trekke frem en av mine favoritt salmer i den nye salmeboka... Og det er nok Nordnorsk Julesalme. Jeg har fått lov og syng den en del ganger nå etter hvert, og den er alltid like flott. Jeg synes den summerer opp så veldig fint hvordan det er å skulle leve, og bo her i nord.. Og vi er heldig som har en som passer på oss alle.

*Svein T Villanger.*

*Velsingna du dag over fjordan  
Velsingna du lys over land  
Velsigna de evige ordan  
Om håp og ei utstrtekt hand  
Verg detta lille du gav oss  
Den dagen du flytta oss hit  
Så vi kjenne du aldri vil la oss  
forkomme i arnot og slit*

*Vi levde me hua i hånnda  
Men hadde så sterk ei tru  
Og ett har vi visseli sanna  
Vi e harhousa vi som du  
Nu har vi den hardaste ria  
Vi slit me å kave oss fram  
Mot lyset og adventstia  
Det e langt sør til Betlehem*

*Guds fred over fjellet og åsen  
La det gro der det bygge og bor  
Guds fred over dyran på båsen  
Og ei frossen karrig jord  
Du ser oss i mørketidslandet  
Du signe med evige ord  
Husan og fjellet og vannet  
Og folket som leve her nord*



## Norske Kvinners Sanitetsforening

Årsmøteforening har

### ÅRSMØTE

den 27 februar 2019  
kl 19.30.

Møtestad:  
lokala til foreningen  
i Furuly.

*Svera styret i hende innan 16 februar.  
Styret Ynskjer nye og gamle  
medlemmer velkommen*

Vanlige årsmøtesaker  
Val

Innkomne saker.  
Årsmøte også for Furulystiftelsen  
Årsmelding Reknskap

Ynskjer medlemmene og fremja ei sak,  
må den vera styret i hende  
innan 16 februar.

Styret Ynskjer nye og gamle medlemmer  
velkommen



# Kristen nestekjærleik i ein vond verden

På ein muslimsk skule (madrassa) like utanfor Bamako bur det for tida over 100 fulanifyktingar frå Mopti Regionen i Mali. Kl 15 den 18 juli i år kom medlemmar av ein milits frå ei annan etnisk gruppe køyrande på motorsyklar. Dei omringa landsbyen og byrja å drepa menna i den vesle busetnaden. Då sola gjekk ned var 18 menn drepne og kasta i ein brønn. Kvinner hadde mista sine ektemenn og born hadde vorte farlause. Rektoren på madrassaen sør i Mali reiste den påfølgjande dagen nordover til heimlandsbyen sin. Han tilkalla brannmenn frå Severe som henta dei døde kroppane opp av brønnen slik at dei kunne få ei verdig gravferd. Så tok han med seg alle som ville av kvinner og born sørover til staden han har bygd opp utanfor Bamako. Madrassaen der flyktingane bur er ein stad som har vorte besøkt jamleg av ein av MELM-misjonær over nokre år. Slik vart misjonen sitt diakonale arbeid kopla inn for å gjeva eit bidrag. Flyktingane vart registrert hjå offentlege myndigheiter, og misjonen kjøpte

inn eit tonn med ris til flyktingane.

I sentral-Mali er det ein spent situasjon mellom fulaniar og andre folkegrupper. Det har oppstått militsar basert på etnisitet, og desse militsane stemplar i for stor grad alle fulaniar som ekstremistar. Mange nyttar høvet til å tena på kaoset, gjennom å forsyna fulaniar sine dyr og verdiar utan at det får konsekvensar. Andre stadar er det væpna fulaniar som står for overgrep mot personar frå andre folkegrupper. I denne vanskelege situasjonen prøver misjonen å vera til stade med ei hjelpande hand og med eit kristent vitnesbyrd. Også i Severe by har misjonen vore med å gjeva hjelp til interne flyktingar.

Takk for di støtte til dette arbeidet! Takk for forbøn om fred og forsoning mellom fulaniar og andre folkeslag i Mali! Og takk for forbøn for kyrkjer og misjonar som er til stade med eit kristent nærvær i ein vanskeleg situasjon!

*Frode sitt bidrag.*



For 2.klasse  
09.- 10.mars

Info og påmelding finn du på:  
[www.austrheimkyrkja.no](http://www.austrheimkyrkja.no)



Norske Kvinners  
Sanitetsforening

## Årsmøte

i Lindåsneset sanitetslag  
tysdag 5. mars kl. 12.30 på sanitetshuset på Litlås

Årsmøtesaker  
Val

Saker ein ynskjer å ta opp  
må vera styret i hende innan 18.2.2019  
Vel møtt, Styret